Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
26/19337-2
Sakshandsamar
Ben Ståle Leirvåg

Saksgang	**Møtedato**
Telemark ungdomsråd	05.11.2026
Yrkesopplæringsnemnda	04.11.2026
Hovedutvalg for utdanning, folkehelse og tannhelse	11.11.2026
Fylkesutvalg	18.11.2026
Fylkestinget	02.12.2026

Endring i samarbeidsavtale NDLA

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Forslag til revidert samarbeidsavtale for Den kommunale oppgåvefellesskapen Nasjonal Digital Læringsarena vert tilslutta, i tråd med avtalens § 21 Avtaleendringar.
2. Fylkesdirektøren, ved fylkessjef opplæring, folkehelse og tannhelse, gis fullmakt til å signere revidert avtale på vegne av fylkestinget.

Bakgrunn og saksgang

Representantskapet for NDLA ber fylkestinga behandle og slutte seg til revidert samarbeidsavtale for NDLA, innan utgangen av 2026. Det er fylkestinget som må godkjenne endringar i samarbeidsavtalen.

Representantskapet tilrår eigarane å redusere tilskotsramma, endre tilskotsmodellen og fordelinga av dei økonomiske forpliktingane til deltakarane. I revidert avtale er eigardialogen styrkt, og det er gitt eit tydeleg mandat for styring av tilgangen til ressursane i samarbeidet. Og dessutan at det er gjort mindre justeringar for å presisere avtalen og forretningsorden.

Saka blir lagd fram til uttale i Telemark ungdomsråd, yrkesopplæringsnemnda og hovudutval for utdanning, folkehelse og tannhelse. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget som gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar

Hausten 2025 vart NDLA-samarbeidet utfordra på tre område:

- Dei samla økonomiske rammene for samarbeidet
- Fordelinga av økonomiske forpliktingar mellom dei deltakande fylka
- Sårbarheita i samarbeidsmodellen, der enkelte fylke har kunna nyte godt av resultata frå samarbeidet utan å bidra økonomisk

Styret tok tak i desse utfordringane ved å:

- foreslå reduserte rammer for 2026 med 5%
- foreslå ei utgreiing av konsekvensar for kutt i rammene til NDLA på 10, 20, 30 og 40%

- varsle blokkering for trafikk til ndla.no frå fylkeskommunar som står utanfor samarbeidet, etter 1. januar 2026.

På representantskapsmøtet 19. desember 2025 vart dei to forslaga styret hadde til budsjettkutt for 2026 vedtekne. Representantskapet vedtok også at dersom Oslo melde seg inn, skulle det ikkje føre til auka inntekter for NDLA, men gi ei tilsvarande redusert innbetaling frå fylka. Representantskapet bad vidare styret om å gjennomføre det foreslått utgreiingsarbeidet om konsekvensar av ytterlegare kutt i ramma.

Representantskapet gav også einstemmig tilslutning til styrevedtaket om å blokkere trafikk frå fylkeskommunale nettverk utanfor samarbeidet.

Den 7. mai 2026 behandla representantskapet utgreiinga om konsekvensar av reduserte rammer for NDLA. Innstillinga frå styret om 20 % reduserte ramme vart vedteken. Representantskapet slutta seg også til forslaget frå styret om å dele bidraget i fylka i to delar: eit fast og likt grunnbeløp, og eit elevbidrag basert på fylka sin del av det samla elevtalet for oppgåvefellesskapet. Representantskapet vedtok gjennom avstemming (åtte for, tre mot) å auke grunntilskotet frå 7 % til 15 % av det totale årlege tilskotet.

Behov for endring av samarbeidsavtalen

Dagens budsjettramme og modell for tilskotsplikta i fylka er nedfelt i samarbeidsavtalen for NDLA. Representantskapsvedtaket om endring av budsjettramme og bidraget i fylka kan berre gjennomførast ved å endre samarbeidsavtalen. På denne bakgrunnen fatta representantskapet følgjande vedtak:

Representantskapet tilrår å endre samarbeidsavtalen for oppgåvefellesskapen i tråd med punkta under:

1. **Samfunnsoppdraget, demokrati og kvalitetssikra kunnskap til alle.**
   a. ndla.no skal så langt som mogleg blir vidareført som ein open nettstad, eit kollektivt velferdsgode som utnyttar potensialet i opne lisensar og støttar opp om Noregs tilslutning til UNESCOs tilråding om opne læremiddel for å utlikne forskjellar og styrkje demokratiet.
   b. Samtidig er NDLA eit fylkeskommunalt samarbeid for å dele utgifter til å løyse felles oppgåver. Slik kan fylka oppnå innsparingar og levere betre tenester for eigne tilsette og elevar.
   c. Fylkeskommunar som vel å ikkje bidra i dette arbeidet, vil ikkje ha tilgang til det samarbeidet skaper av ressursar og tenester.
   d. Representantskapet ber styret komme tilbake til representantskapet med eit forslag til korleis FKU kan koplast formelt til prosessane med prioritering av fag/oppgåveproduksjon.

2. **Finansieringsmodell**
   i) Eigarane avtaler ei fast samla budsjettramme for selskapet. Budsjettramma blir justert årleg i tråd med generell prisutvikling (KPI).
   ii) Utgiftene mellom eigarane blir fordelte slik:
   1) Eit fast grunnbeløp på ca. 15% av total ramme, blir likt fordelt mellom alle eigarane av samarbeidet. Grunnbeløpet blir stegvis justert med 50 000, i tråd med generell prisutvikling (KPI).
   2) Eit eigarbidrag basert på fylkets relative del av samla elevtal i oppgåvefellesskapen, etter SSBs offisielle elevtal, hausten før budsjettåret.

3. **Økonomisk ramme for NDLA**
   a) Økonomisk ramme for NDLA blir redusert med 20% med utgangspunkt i budsjett for 2025 og Menons berekningar.

b) Samla tilskot for 2027 blir sett til 78,4 millionar justert for prisutvikling i 2025 og 2026, jf. forslagspunkt 2a.

På denne bakgrunnen blir fylkestinget invitert til å behandle og slutte seg til forslaget til ny avtale for oppgåvefellesskapen.

Prosess og arbeid med nytt avtaleutkast

På ekstraordinært møte i representantskapet 12. juni la administrasjonen fram forslag til revidert avtale i tråd med saka frå 07.05. I saka vart endringar gjort tydeleg frå gjeldande samarbeidsavtale.

Representantskapet gjorde følgjande vedtak einstemmig:

1. Representantskapet ber NDLA justere samarbeidsavtalen §18 (utmelding) og §11 (fysisk møte), og sende justerte avtaletekst til medlemmene i representantskapet for evt. kommentar.
2. Representantskapet står bak forslaget til ny samarbeidsavtale, og vedtek å sende revidert samarbeidsavtale til eigarane for endeleg godkjenning, etter juridisk gjennomgang.

Administrasjonen har etter representantskapsmøtet revidert forslaget i tråd med vedtaket og konsultert juridisk seksjon i Vestland fylkeskommune. Avtalen er etter dette send til medlemmene i representantskapet for sjekk og kommentarar. Det kom inn to merknader av redaksjonell art, som er følgt opp i vedlagt utkast.

Endringar

Forslaga til endringar i avtalen er synleggjorde i vedlagde endringsoversikt. Dei aller fleste endringane er markerte med gult i nytt forslag (venstre kolonne). Element som går ut eller er erstatta/skrivne om, er streka over i dagens avtale (høgre kolonne).

Nokre endringar er substansielle som gjort greie for over. Andre endringar er presiseringar og eller språklege forbetringar. Dei fleste endringane har ein fotnote med forklaring og grunngiving.

Under følgjer ei oversikt over dei mest vesentlege endringane.

§ 3. Formål og oppgåver	Lagt til tekst for å gjere tydeleg at samarbeidet er eit fagleg og strategisk verkemiddel for skuleeigar. Lagt til eit punkt om tilgangsstyring for å gi representantskapet eit tydeleg mandat og ansvar til å vareta formåla og interessene til samarbeidet. Elementet adresserer påpeika utfordringar for samarbeidsmodellen.
§ 4. Deltakernes innskuddsplikt og plikt til å yte andre bidrag	Omarbeidde etter vedtak om økonomiske rammer.
§ 5 Den enkelte deltakarens eigardel og ansvarsdel for forpliktingane til fellesskapen	Nokre presiseringar etter innspel frå juridisk seksjon.
§ 7a Fullmakter og økonomiske disposisjonar	Ny paragraf etter innspel frå juridisk seksjon. Paragrafen gjer tydeleg rammer for fullmakter og økonomiske disposisjonar.
§10 oppgåvene og ansvara til Representantskapet	Endra frist for utsending av saksdokument for å sikre ein enklare og forbetra saksbehandlingsflyt mellom styre og representantskap.

§11. Valkomiteen	Forslag om at Fylkesdirektørkollegiet (FKU) innstiller kandidatar til valkomiteen. Dette har tidlegare ikkje vore definert. Lagt til at representantskapet kan gi utfyllande retningslinjer for arbeidet i komiteen.
§12. Styret	Presisert tidsrom for styreverv. Fjerna krav om nestleiar og innført møteleiar.
§13. Oppgåvene til styret	Lagt til oppgåve om å gjennomføre årleg eigarmøte i tråd med KS' tilråding. Endringa følgjer også opp vedtak i representantskapet knytt til FKU. Eigarmøtet reflekterer også omtalt endring i § 3 Formål og oppgåver.
§ 18 Immaterielle rettar	Ny paragraf innteken etter forslag frå juridisk seksjon.
§19. Utmelding, §tidlegare §18	Klargjort eintydige fristar ved utmelding.
§ 20 Oppløysing av Oppgåvefellesskapet, tidlegare § 19	Justeringar etter innspel frå juridisk seksjon. Endra krav til avgjerd om oppløysing til ⅔ fleirtal. Presiseringar knytte til avvikling av samarbeidde.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Den nye avtalen vil medføre eit litt lågare økonomisk bidrag frå Telemark fylkeskommune frå 2027 og framover til NDLA. Dei juridiske konsekvensane er gjennomgått og vurdert av juristar i Vestland fylkeskommune, jf. vedlegg. Innspela er innarbeidde i denne saka og i vedlegga.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Opne læringsressursar er éin av nøklane for å nå bærekraftsmål nr. 4 om god utdanning i kampen for å utrydde fattigdom og nedkjempe ulikskap.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vil først understreke at NDLA er eit særs viktig verkemiddel for å sikre elevane tilgang til digitale læringsressursar i nær 150 eksamensfag i vidaregåande opplæring for ein rimeleg kostnad. NDLA er ei konstruksjon der fylka gjennom 20 år har investert og utvikla ein ressursbank saman som i dag er viktigare og meir nytta enn nokon gang tidlegare.

Fylkesdirektøren er tilfreds med arbeidet som no er utført for å fordele den økonomiske forpliktinga til NDLA mellom fylkeskommunane. Vidare er fylkesdirektøren glad for grepet NDLA har teke for å sikre at enkelte fylke ikkje lenger kan nyte godt av resultat frå samarbeidet utan å bidra økonomisk.

For Telemark fylkeskommune vil endringane innebere ein liten kostnadsreduksjon dei kommande åra.

Fylkesdirektøren støttar forslaget til ny samarbeidsavtale og nye vedtekter. Fylkestinget blir rådd til å støtte endringane, slik at ny avtale blir gjorde gjelda frå 1.1.2027

Vedlegg:
Juridisk gjennomgang av samarbeidsavtale
Revidert avtaleforslag 06.10.2026
Endringsoversikt - gjeldende og revidert avtaleforslag